

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Deres ref.	Vår ref.	Saksbehandler	Dato
	19/00172-5	Bodil Gjeldnes	29.08.2019

Uttale til forslag til nasjonal ramme for vindkraft

Vi viser til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft sendt ut på høyring 1. april 2019. Surnadal kommune blir berørt av Område 46 Grenseområdene mellom Trøndelag og Møre.

Det er dei nordlige delane av kommunen som inngår i forslaget og området består av fjell og utmark med dalar og fjell opp mot 1000 moh. Det har store natur- og friluftsverdiar og Fjordruta til Kristiansund og Nordmøre turistforening (KNT) går gjennom området, dvs. 4 av dei i alt 12 hyttene i denne vandreruta ligg her. Kommunen har i si kartlegging og verdsetting av friluftsområde registrert dei merka stigane og hyttene som viktige.

Fjordruta og dei 12 sjølvbetjente hyttene er etablert i løpet av dei siste tiåra ved hjelp av spelemidlar, private midlar og ei svært stor dugnadsinnsats. Av særlege kvalitetar vil vi trekke fram at ein langs store delar går i kystlandskap og at avstanden mellom hyttene er relativt kort, og slik godt egna for barnefamiliar og «folk flest». Hyttene er også fine dagsturmål, eller ein kan besøke nokre av hyttene på helgetur. Ein kan også gå samanhengande i 12-14 dagar langs heile ruta i fleire nordmørskommunar. Skulle området bli nytta til vindkraftproduksjon med vindmøller vil Fjordruta miste sin verdi fullt og heilt.

Desse fjellområda er også verdifulle nærtuområde sommar og vinter for dei som bur i denne delen av kommunen. Jakt på både storvilt og småvilt har stor betydning som interesse og til matauk, og sau og storfe beiter her. Miljødirektoratet sin Naturbase viser at denne delen av kommunen er levestad for fleire planter og fugleartar av nasjonal forvaltningsinteresse.

Vi går sterkt imot at den delen av Surnadal kommune som inngår i Område 46 Grenseområdene mellom Trøndelag og Møre blir videreført i Nasjonal ramme for vindkraft. Ved eventuell seinere realisering av vindkraftproduksjon her vil eit svært viktig friluftsområde som har stor betydning både for våre eigne innbyggjarar og tilreisande gå tapt.

Med helsing

Lilly Gunn Nyheim
Ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

